



Voss kommune
Postboks 145
5701 VOSS

Dato: 22.04.2016
Vår ref.: 2014/17126-75
Saksbehandlar: martved1
Dykkar ref.:



UNIVERSITETET I BERGEN



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND



NHO
Hordaland
Informasjonsbre

v vedrørende spørjeundersøking om rådgivingstenesta i Hordaland

Hordaland fylkeskommune arbeider no med ein *regional plan for kompetanse og arbeidskraft*. Planen skal bidra til at arbeidsmarknaden i fylket er sikra tilstrekkeleg arbeidskraft og relevant kompetanse for framtida. For å oppnå dette vil utdanningssystemet vere særleg viktig for å kunne dimensjonere utdanningstilbodet og for å gje unge rettleiing for framtidig yrke- og utdanningsval. Dette vil ha innverknad for kva kompetanse som vert tilgjengeleg for arbeidsmarknaden. Planen vil òg sjå på endring og omstilling til nye kompetansekrav i eit omskifteleg arbeidsliv. Eit sentralt føremål er at viktige offentlege aktørar, utdanningsinstitusjonar og aktørar i arbeidslivet vurderer eit meir forpliktande samarbeid for å løyse eit felles samfunns mål, herunder styrke kvaliteten i karriereretleinga i alle delar av utdanningssystemet.

Planarbeidet er no i ein fase der ein utarbeider analysar som vil kartlegge desse forholda nærare. Arbeidet er organisert i tre temagrupper:

- Dimensjonering av utdanningstilbod
- Endring og omstilling
- Utdanningsval og utdannings- og karriereretleing

Temagruppa for *utdanningsval og utdannings- og karriereretleing* omfattar representantar frå senter for yrkesrettleiing ved Hordaland fylkeskommune, Høgskolen i Stord/Haugesund, Universitetet i Bergen, KS i tillegg til bedrift- og arbeidstakarorganisasjonane NHO og LO. Denne gruppa ønskjer å sjå nærare på korleis rådgivingstenesta ved høvesvis grunnskole, vidaregåande og høgare utdanning er innretta. Ein søker å finne ut meir om arbeidsmåtar, samarbeid og forholdet mellom dei ulike nivåa i rådgjevingstilbodet.

For å kartleggje dette ønskjer temagruppa å sende ut ei spørjeundersøking til tilsette ved rådgivingstenesta ved grunnskole, vidaregåande og høgare utdanning. Samstundes vil vi invitere elevar og lærarar til fokusgrupper (6-10 deltakarar på kvar gruppe) der tilbodet for yrkes- og utdanningsrådgjeving i grunnskole og vidaregåande skole vil vere eit hovudtema. Vi håpar at kommunen vil vidareformidle dette brevet til grunnskolane.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.